

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 041/2016 | Formannskapet i Radøy | PS | 14.04.2016 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|----------------------|--------------|--------------|
| Tonje Nepstad Epland | 16/230 | 16/3756 |

Plansak 12602016000200 - Planstrategi for Radøy kommune 2016-2020 - utfordringsdokument

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret i Radøy kommune har i sak 16/2016 vedteke oppstart av arbeid med kommunal planstrategi for perioden 2016-2020. Formannskapet skal vere styringsgruppe for arbeidet.

Lovgrunnlag

Kravet til kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova §10-1:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Føremålet med kommunal planstrategi

Føremålet med kommunal planstrategi er å gjere planlegging meir føreseieleg, effektiv og målretta, og bidra til ein betre samanheng mellom plannivåa.

I planstrategien skal kommunestyret som eit minimum ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast i valperioden, eller om den skal vidareførast utan endringar. Planstrategien bør også

omfatta drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling. Dette omfattar mellom anna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, verksemda i sektorane og ei vurdering av kommunen sin trong for planar i perioden.

Planstrategiarbeidet bør innehalde ei vurdering av utviklingstrekk og utfordringar som kommunen står overfor, både som samfunn og organisasjon, i dei komande åra. Denne vurderinga skal danne grunnlag for at kommunen i planstrategien kan ta stilling til kva planar som må reviderast og utarbeidast for å oppnå ønskt utvikling.

Kommunal planstrategi er også ein viktig arena for å drøfte og avklare trong for interkommunal planlegging.

Miljøverndepartementet har utarbeidd ein rettleiar for Kommunal planstrategi (september 2011), sjå vedlegg.

Nasjonale forventningar

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er styrande for kommunen sitt plan- og strategiarbeid, jf. plan- og bygningslova § 6-1:

For å fremme en bærekraftig utvikling skal Kongen hvert fjerde år utarbeide et dokument med nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. Dette skal følges opp i planleggingen etter denne lov og legges til grunn for statens deltaking.

Gjeldande nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er utarbeidd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og vedteke ved Kongeleg resolusjon av 12. juni 2015:

Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem. Forventningsdokumentet er retningsgivande for regional og kommunal planlegging. Fylkeskommunane og kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysingar, der ein har både lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn i tankane – saman med nasjonale og viktige regionale interesser. Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn som kommunane og fylkeskommunane skal sørge for gjennom planlegginga etter plan- og bygningslova. Ein må derfor sjå dokumentet i samanheng med det regelverket og den rettleiinga som gjeld.

Dei nasjonale forventningane for perioden 2011-16 er nedfelt i tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Gode og effektive planprosessar

Regjeringa legg vekt på raskare prosessar for planlegging av bustad, næring og samferdsel. Samtidig styrker regjeringa det lokale sjølvstyret i planlegginga. Dette vil seie at fylkeskommunane og kommunane får større ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Gjennom betre samarbeid og effektivisering av planarbeidet er det mogleg å korte ned tidsbruken, samtidig som ein sørger for å ta viktige omsyn og overhalde kvalitetskrava. For

å sikre raskare prosessar og redusere konflikter gjennomfører regjeringa forsøk i tolv fylke der fylkesmennene har fått auka ansvar for samordning av statlege motsegner. Regjeringa gjer også forenklingar i plan- og bygningslova, legg til rette for auka bruk av IKT og forventar at fylkeskommunane og kommunane tek i bruk moglegheitene dette gir.

Berekraftig areal og samfunnsutvikling

For å hindre alvorlege klimaendringar må vi i åra som kjem førebu oss på ei langsiktig omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Vi må også tilpasse oss effekten av klimaendringar som allereie skjer. Dette krev at vi tek i bruk sterkare verkemiddel enn vi har gjort til no, og at vi sikrar effektiv ressursutnytting i areal- og samfunnsutviklinga. Samtidig blir det viktig å leggje til rette for auka verdiskaping og næringsutvikling, og innovasjon og vekst i nye og grønne næringar. Regjeringa vil framheve at kommunane og fylkeskommunane har sentrale roller som utviklingsaktør og planstyresmakt i arbeidet for eit sikkert, vekstkraftig og miljø- og klimavennleg samfunn.

Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Folkeveksten i byane og tettstadane fører til press på areal og infrastruktur, og gir utfordringar for trafikkavvikling, helse og miljø. Samtidig gir veksten moglegheiter til å finne nye løysingar for byutvikling, næringsutvikling og transport. Regjeringa er oppteken av eit godt samarbeid med fylkeskommunane og kommunane om å få ned klimagassutsleppa og å skape velfungerande byar og tettstadar for næringsliv og innbyggjarar. God planlegging er avgjerande for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvennleg transportsystem, nok bustadbygging, sunne og trygge omgivelser og gode levekår for alle.

Regionale forventningar

Regional planstyresmakt skal utarbeid regional planstrategi, jf. plan- og bygningslova § 7-1:

Regional planmyndighet skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide en regional planstrategi i samarbeid med kommuner, statlige organer, organisasjoner og institusjoner som blir berørt av planarbeidet.

Planstrategien skal redegjøre for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringer, vurdere langsiktige utviklingsmuligheter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og hvilke spørsmål som skal tas opp gjennom videre regional planlegging.

Den regionale planstrategien skal inneholde en oversikt over hvordan de prioriterte planoppgavene skal følges opp og opplegget for medvirkning i planarbeidet.

Den regionale planstrategien gjev eit signal om dei regionale forventningane til kommunen sitt planarbeid.

Dei regionale forventningane til kommunane sitt planstrategiarbeid er fremja i brev frå Hordaland fylkeskommune til kommunane av 22.02.16.

Hordaland fylkeskommune peikar på åtte tema som det er knytt regionale forventningar til og som kommunen må ha særleg fokus på i kommunalt planstrategiarbeid:

- Klima og energi
- Folkehelse
- Attraktive senter og senterstruktur
- Areal- og transportplanlegging
- Natur og landskap
- Kultur og kulturminne
- Næringsutvikling
- Kompetanse/opplæring

Lokale utfordringar

I samband med utarbeiding av kommunal planstrategi for Radøy kommune i 2012 vart det utforma eit utfordringsdokument som synte kommunen sine sterke og svake sider. I arbeid med planstrategi for perioden 2012-2016 vil det vere tenleg å ta utgangspunkt i utfordringsdokumentet frå 2012 og identifisere endringar og nye utfordringar.

Rådmannen vil særleg peike på moglege endringar i kommunestrukturen som utfordrande i arbeidet med kommunal planstrategi. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev av 29.01.15 til kommunane gjeve råd om korleis kommunane kan handtere kommunal planstrategi i kommunereformperioden:

Kommunereformen vil medføre vesentlig endrede forutsetninger for den kommunale planleggingen, både når det gjelder samfunnsplanleggingen, arealplanleggingen og planleggingen av tjenestene. Den kommunale planstrategien vil derfor være et viktig verktøy for å vurdere hvilke planoppgaver som blir nødvendige å prioritere i lys av de forestående sammenslåingene.

Jeg vil understreke at planleggingen skal tilpasses behovet i den enkelte kommune, og ikke gjøres mer omfattende enn nødvendig. Dette gjelder også for arbeidet med kommunal planstrategi. Det er likevel klart at nye, større kommuner i en periode vil ha et stort behov for å utarbeide nye planer som er tilpasset de nye forutsetningene. Planstrategien vil være viktig for å avklare disse behovene og sikre de riktige prioriteringene. Selv om arbeidet med planstrategi kan gjøres enkelt, er det derfor viktig at de nødvendige avklaringene blir gjort.

I tillegg vil rådmannen peike på utfordringar knytt til demografi, kommuneøkonomi, endringar i store næringssektorar og storpolitiske oppgåver som til dømes flyktningstraumar.

Vidare prosess

Proessen fram til vedteke planstrategi skal avdekka kva planar Radøy kommune treng for å møte utfordringane i perioden.

Alle kommunen sine overordna planar, innan alle sektorar, skal inngå i planstrategien, og det skal leggjast vekt på å utarbeide eit oversiktleg og tenleg planverk.

Gjeldande planoversikt frå Planstrategi for Radøy kommune 2012 er sendt på høyring til alle sektorar i kommunen og rådmannen vil med grunnlag i innspel frå sektorane utarbeide ei oppdatert liste til styringsgruppa.

Drøftingar i styringsgruppa vil danne grunnlag for framlegg til revidert planstrategi for perioden

2016-2020.

Kommunen bør i arbeidet med kommunal planstrategi leggje opp til brei medverknad og ålmenn debatt. Framlegg til kommunal planstrategi skal sendast på høyring til statlege og regionale styresmaktar og nabokommunar, og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 30 dagar før godkjenning i kommunestyret.

Formannskapet i Radøy - 041/2016

FS - handsaming:

Formannskapet ber administrasjonen i neste formannskap leggja fram eit opplegg for opplæring/informasjon i kommunestyret 15. juni. Bakgrunnen er eit framlegg frå Høgre/Frp i kommunestyret om ei grundig innføring i aktuelle tema og prosessar knytt til planstrategi og planarbeid i perioden.

FS - vedtak:

Rådmannen legg på neste møte fram for drøfting eit opplegg for opplæring/informasjon knytt til planstrategi og planarbeid i kommunestyret 15. juni.

Vedlegg:

Planstrategi for Radøy kommune - revisjon for perioden 2016-2020 - oppstart av arbeid

Planstrategi Radøy kommune 2012-2016

Planar i Radøy kommune per 18. juni 2012

Planstrategi - utfordringsnotat 2012

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

veileder_kommunal_planstrategi

Kommunal planstrategi - innspel frå HFK

Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereformen (L)(42643)

10 råd for et velfungerende og effektivt plansystem